




ÅRSMELDING

2024

Odda/Ullensvang Turlag
Bergen og Hordaland Turlag





Innhald:

1. Organisasjonen
2. Medlemstal og utvikling
3. Dugnadstimar og dugnadsaktivitet
4. Møter, samlinger og arrangement
5. Kurs og utdanning
6. Turaktivitet
 - a) Turar for vaksne
 - b) Barnas Turlag
 - c) DNT Ung
 - d) Onsdagsgruppa
7. Frivillige
8. Gåver
9. Trimpoeng
10. Holmaskjer
11. Dagsturhytta
12. Økonomi
13. Valg

1. Organisasjonen

Odda/Ullensvang Turlag er eit turlag for alle i kommunen vår. Vi har fokus på turar og aktivitetar for folk i alle aldersgrupper og vi har som mål og kunna tilby turar og aktivitetar i heile kommunen. Turlaget har som føremål å stimulera til auka aktivitet samt eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv både for lokalbefolkinga og for tilreisande turistar. Vi har og som mål å gjennomføre turen sjølv om det er få påmeldte på dei turane dette er mogleg i forhold til opplegg, kostnad ol. Turlaget er drifta på frivillig basis.

Odda Turlag vart stifta i 1982 og Ullensvang Turlag vart stifta i 1988. I 2001 slo laga seg saman og vart til Odda/Ullensvang Turlag.

Styret har i 2024 bestått av 7 medlemmer. Styret har ikkje hatt varamedlemmer.

STYRET I ODDA/ULLENSVANG TURLAG 2024	
Styreleiar	Håvard Reinsnos Apold
Nestleiar	Eva Grete Rafdal
Skrivar	Trond Seim
Styremedlem	Anita Haugland
Styremedlem	Liv With
Styremedlem	Torje Eriksen
Styremedlem	Rolf Bøen

Økonomi og rekneskap: Sara Lundal Tokheim (Ekstern)

Barnas Turlag: Eva Grete Rafdal, frå styret.

Onsdagsgruppa: Liv With fra styret, Solfrid Kvam og Marit Legård frå Onsdagsgruppa

Stigruppa: Rolf Bøen frå styret og Olav Moldekleiv fra stigruppa

Tilsyn Holmaskjer: Håvard Reinsnos Apold

Valkomiteen:

Torill Opdal Hauge

Orinta Øiestad

Hyttegruppa for ny sikringshytta på Holmaskjer:

Trond Seim, Håvard Reinsnos Apold, Aleksander Reinsnos Apold og Rolf Bøen

Styret sitt arbeid i 2024:

Styret har gjennomført 9 styremøte i 2024. Styremøta har i hovudsak vert gjennomført fysisk på kontoret i Odda, men det har og vore høve til å delta digitalt på Teams.

I året som har gått har vi hatt stort fokus på turprogrammet og gjennomføring av det, kurs og kompetanseheving på dei frivillige i laget. Vi har jobba mykje med å få plass alt rundt ny sikringshytte på Holmaskjer og tilsyn med Dagsturhytta i Odda. Det er kome nytta risikovurdering på nettet som har teke litt tid å setja seg inn i.

Det har vore mykje møter i forbindelse med ny sikringshytta, prosessen har ikkje vore så enkel som ynskja. Vi har brukt mykje tid på å promotere turer og arrangementer i sosiale medier. Turlaget har Facebook-side, Instagram-side og eigen nettside. Vi er blitt synlige der ute og får med oss mange på turar og arrangement.


For styreleiar har det gått veldig mykje tid med til arbeid med ny sikringshytta, setja seg inn i alle system og organisering av laget.

Som i 2023 har vi ikkje trykt opp turprogram i år. Turane har kun lagt ute på nett og blitt promotert i sosiale medier. Trykking av turprogram er både dyrt og lite miljøvennleg.

2. Medlemstal og utvikling

Etter ein nedgang i antal medlemmer i forbindelse med pandemien ser me no at tallene går opp og me hadde ved årsskifte 735 registrerte medlemmer i OUT. Dette tilsvarer 6,7% av befolkningen i Ullensvang kommune.

Totaloversikt Odda/Ullensvang turlag



Nedgang siste år i medlem : 21 stk

Antal innbyggjarar pr. 3 kvartal 2024 i Ullensvang kommune: 10 999


3. Dugnadstimar og dugnadsaktivitet

Det har vore stor dugnadsånd i turlaget i året som gjekk, mange dugnadstimar frå våre frivillige er lagt ned i ulike prosjekter, turar, dugnader, arrangement, styrearbeid etc.

a) Stigruppa:

Stigruppa har i 2024 totalt 696 timer med dugnadsaktivitet for turlaget. Dei har hatt 7 prosjekter som fordeler seg på Hovden, stien til dagsturhytta, stien til Eidesåsen og Klungersete, bru til Eidesnuten, , stien frå Eidesåsen til Eidesnuten, varde på Reinanuten og stien til Holmaskjer.

- **Hovden**
 - Her har vi utført trefelling og rydding for Ullensvang kommune i friluftsområdet Hovden de tre siste årene. Det har vært et omfattende arbeide som avsluttes i 2024.
 - Fremmøte har vært godt med 8-til 10 mann hele vinteren.
 - Det er brukt 320 timer og 6-7 mann i prosjektet.
- **Stien til dagsturhytta Ragdebu**
 - Stien fra slutten på Ragde byggefeltet og opp til dagsturhytta er ryddet for skog og kvister.
 - Det er fjernet et stort rotvletet grantre. Flere store steiner er kløyvd og fjernet. I første delen er det brukt gravemaskin for å lede bort vann. Stien fremstår nå som ryddig og lett å gå på. Rett før dagsturhytta er det gamle «dueskuret» fikset opp og montert benker hvor en kan sitte tørt.
 - Det er brukt 151 timer og 6-7 mann.
- **Stien Eidesåsen til Klungersete**
 - Stimerking og rydding av kvist/skog. Ullensvang kommune har bestemt at alle stier som ikke er T-merket skal merkes med gul farge. Dette i henhold til merkehåndboka. Friluftskommunen har selv brukt fargen på skilt i Odda sentrum (Almerkeparken). Derfor har stigruppa merket den første stien i området med gul farge.
 - Utført av tre mann
- **Bru Eidesnuten**
 - Her har vi reparert bruene for tredje gang. Vinteren har brekt ned bruene pga store snømengder. Nå har vi forandret konstruksjonen og forsterket slik at vi mener det skal holde. Det er lagt ned en betydelig innsats totalt på disse to bruene. På dette prosjektet ble det brukt helikopter, da vi hadde med betydelig byggemateriale og verktøy. Det totale prosjektet har gitt oss mye god erfaring.
 - Utført av fire mann.



- **Stien fra Eidesåsen til Eidesnuten**

- Vedlikehold av stien, rydding av skog. Forsterket eksisterende rekkverk etter stor slitasje og utvidet noen plasser.
- Erfaringen fra dette prosjektet er at vaieren vi bruker blir utsatt for meget stor belastning og slitasje. Det medfører at vi må bytte vaier tidligere enn tenkt.
- Utført av fem mann,
- Til sammen på de 3 siste kulepunktene er det brukt 115 timer.



- **Reinanuten**

- 20. september ble tre mann flydd fra Buer kl 0830 til Reinanuten. Det var blå himmel, sol, 20 varmegrader og vindstille. Det var en fantastisk dag og bygge varde på.
- Eksisterende varde var enten rast ned eller blitt truffet av lyn, Synet som møtte oss var en steinhaus. Vi hadde med oss verktøy og ca. 7-800 kg god byggestein.
- Steinhaugen ble sortert og varden ble bygget fra grunnen. Resultatet ble en varde som er 160 cm i diameter i bunn og 230 cm høy. Varden ruver og er godt synlig.
- Byggelaget var tilbake på Buer samme dag.
- Det ble brukt 35 timer og tre mann.



- **Stien til Holmaskjer**

- Stien fra parkeringsplassen på Egnehjem til Holmaskjer.
- Stien er ryddet for skog fra Egnehjem og opp mot 2. sikrings bu. Alle stikkrenner og kanaler er rensket for å unngå skader på stien. Det er satt opp skilt på begge sikringsbuene som viser stien og hvor du er. Kartet er tilsvarende det som er satt opp på parkeringsplassen Egnehjem.
- Skiltene som var satt opp på Tokheimsskaret i 2023 var nede og måtte settes opp på ny. Konklusjonen er sannsynlig materialtretthet. Ny metode er tatt i bruk.
- Her ble brukt 75 t



- **Blåtur til Langfoss**

- 29. oktober arrangerte vi blåtur til Langfoss. Gjengen møtte opp fulltallig og var spent på hvor vi skulle. Turen gikk med bil sørover og endte på Langfoss. Få hadde tenkt av dette var målet. Derfra gikk vi ca. 45 minutt oppover Langfoss og kom til utsiktsplassen. Her hadde sherpaene vært hele høsten og lagd trapper, gangvei nesten ut i fossen og fine sitteplasser med trinn. Hensikten med turen var å se på andre stiarbeider og få inspirasjon. Det var umulig å ikke bli imponert, men her var det også brukt ca. 20 millioner. Dette var byggetrinn 1. Etter turen kjørte vi til Åkrafjordtunet og fikk servert lapskaus med ferskt brød og kaffe. Karsten Hustveit som er en an initiativtakerne informerte oss om planene, arbeidet som var utført og kostnadene. Det var et spennende prosjekt som vi vil følge med på.



- **HMS**



- Bildet er tatt i Hildalsberget for noen år siden og illustrerer at det kan være vanskelige og farefulle arbeidsoperasjoner, men bildet illustrerer at HMS arbeidet er høyt prioritert.
- Det er alltid en gjennomgang av arbeidsoppgavene hvor det blir lagt vekt på at vi har med relevant sikringsutstyr. Hørselvern, hansker og briller er standard på alle oppdrag.

b) Anna dugnadsaktivitet:

- 1) Retablering av delar av Kristinsti
- 2) Dugnad på Holmaskjer
- 3) Turar, kurs og arrangementer
- 4) Styrearbeid

4. Møter, samlinger og arrangement

- 30. januar blei det holdt årsmøte. Her gjekk vi gjennom vanlege årsmøtesaker som årsmelding, rekneskap og val av nytt styre og valkomité. Det vart trekking av premier i forhold til OUT-Trimmen. Andre Marton Pedersen frå Bergen og Hordaland turlag fortalte om turperler på Vestlandet. Eit inspirerande og flott foredrag frå ein flink formidlar. Ca. 40 stk. møtte.
- 22. oktober holdt vi turdrøs der vi inviterte alle som ynskja å koma, her diskuterte vi turprogram for 2025. Det vart føreslege masse gode turar og enkel servering.

5. Kurs og utdanning

Vi har hatt stort fokus på utdanning av turleiatarar og kompetanseheving i året som gjekk. Vi har no 17 registrerte personar med Nærturleiarkurs, vi har ganske mange personar med Grunnleggande turleiarkurs, 3 personar med Sommarturleiarkurs og 3 personar med Vinterturleiarkurs. Alle er dessverre ikkje aktive av dei som er registrert.

I året som gjekk har OUT ikkje arrangert eigne kurs, men vi oppmodar alle våras turleiatarar til å kusa seg, spesielt for å verta godkjende sommar- og vinterturleiatarar. Turlaget har fått to nye godkjende vinterturleiatarar i 2024, desse har teke kurs hjå DNT-sentralt og Stavanger turistforeining.

6. Turaktivitet

A) Turar for vaksne

Vi har hatt mykje turar og aktivitetar for vaksne i året som gjekk og det er veldig kjekt og sjå at turane vi set opp er veldig populære og mange av dei med lange ventelister. I året som gjekk hadde me turar for vaksne utanom onsdagsturane. Kun 1 tur vart avlyst grunna lite påmeldte.

- Vårskitur over Folgefonna vart arrangert, i år med ny ruta frå Jondal skisenter til Espeland. Turen er veldig populær, og vi hadde over 30 stk. på ventelista. helga var det duka for Folgefonna på langs, turen vart fullbooka på under eit døgn med 12 deltarar. Litt fråfall gjorde at vi starta med 11 deltarar og 2 turleiarar ved Jondal skisenter på laurdag. Her fekk vi ta skiheis opp på nordre Folgefonna. Etter ei stund måtte diverre to deltarar snu, medan resten fortsette. Det var kjempeføre å gå i mot Svartedalshorga, turen ned til Kvitnadalen var krevjande med blaut snø og små passasjar. Deltakarane tok det med eit smil og kom seg ned. Etter ein litt seig etappe dra Kvitnadalen til Holmaskjer var det godt å setja seg ned utanfor å nyta kveldssola. Turleiarane diska opp med jegergryta og raudvin til middag. Sundag starta vi å gå allereie kl. 08.30, eit kjempeføre og vær over søndre Folgefonna. Etter å kome av breen tok vi lunsj med utsikt mot Sauanuten, i t-skjorte vær. Snøen vart blaut nedover, men alle kom seg ned til Træstøl. Her måtte vi ta av skia og gå på beina resten ned til Espeland. Ein kjempefin tur med knallkjekke og spreke deltarar. Turleiarane på turen var John Graue og Håvard Apold.



- 24. mai arrangerte vi introkurs i kajakk, her var det 7 kjekke deltarar som deltok. Kurset gjekk føre seg i Sandvinsvatnet med instruktør frå Trolltunga active. 7 deltar bestod våttkort.



- 06. juni gjennomførte dei dyktige turleiarane Lars Ask og Suzana Heizler kveldstur til Samlen med to deltarar. Været var vått og friskt. Litt glatt på stien, men deltarar i god form så var ikke det noko problem. Noko utsikt på toppen. Turen tok i overkant av 3 timer.
- 22.07 - 27.07 arrangerte vi fellesturen Hardangervidda på tvers, frå Åan turisthytta til Kinsarvik. Med 9 kjekke deltarar og 2 dyktige og erfarne turleiarar så vart turen fantastisk. OUT vil rekka ein stor takk til turleiarane Gunnlaug Vågen Tjelmeland og Lars Ask for ein flott gjennomføring av turen. Eit samandrag av dagane på tur:

Turen startet fra Åan turisthytta, og deltakerne ble møtt med rolig og innbydende terregn. Været var fint, og stemningen var god allerede fra første stund. Turen fortsatte videre mot Heinseter, hvor deltakerne fikk en myk start med mulighet til å beundre det vakre landskapet og naturen. Fra Heinseter gikk ruten til Rauhelleren, gjennom den sentrale delen av Hardangervidda. Dette området er kjent for sine vidstrakte flater og nesten sammenhengende horisontlinje. Godt vær og den åpne naturen bidro til en flott opplevelse for alle deltakerne. Neste etappe førte gruppen til Sandhaug, hvor deltakerne kunne nyte panorautsikt til Hårteigen og Hardangerjøkulen. Disse naturskjønnhetene skapte en dramatisk og vakker bakgrunn for turen, og deltakerne uttrykte stor begeistring for de imponerende utsiktene. Turen fortsatte deretter til Hadlaskard, hvor gruppen fulgte de historiske nordmannsslepene. Hadlaskard tilbød en komfortabel hvile med moderne fasiliteter, noko som var velkommen etter en dag med vandring. Deltakerne fikk her mulighet til å hvile godt før neste del av turen. Fra Hadlaskard beveget gruppen seg videre til Stavali Turisthytte.

Underveis kunne deltakerne nyte stadig mer variert landskap, og det var en følelse av fremgang og nærhet til målet. Stavali Turisthytte, med sin naturskjonne beliggenhet, var et flott stoppested før den siste delen av turen. Den siste etappen fra Stavali til Kinsarvik var kanskje den mest dramatiske og naturskjonne delen av hele turen. Nedstigningen gjennom Husedalen, med sine imponerande fossefall, satte et majestetisk punktum for turen. Ved ankomst til Kinsarvik var det stor tilfredsheit og glede blant deltakarane over å ha gjennomført en så minneverdig tur.



- 7 – 18. august var det gjennomført Husedalen - Stavali -Dronningstien. 3 turleiarar og 10 deltakarar starta ved Husedalen.

Det var ein våt tur med mykje nedbør. På Stavali vart turfølgjet møtt av hytteverten Knut på Stavali, her var det god oppvarting å få. For å spara tid på turen avslutta turen på Lofthus i staden for Røte. Oppsummert med därleg vær så var deltakarar og turleiarar fornøgd.

En stor takk til turleiarar Thomas Ellingsen, Suzana Heisler og Annette Horne.



- I år som i fjor hadde vi tur til Trolltunga i samarbeid med Trolltunga Adventures
Veldig kjekk tur, all inklusive i høyfjellet. Teltet står klart, sovepose/pute og alle fasiliteter, samt frokost og kaffe på senga.
I år gikk turen 17.-18.august, dessverre bare 4 påmeldte i år, i motsetning til 22 (+15 på venteliste) i fjor.
Men for ein herlig gjeng som ble med på tur.
Godt humør, god stemning og lått og løye sjølv om været ikkje var det aller beste.



- Kajakk, yoga og telttur til Inste Mosevatn 14 – 15. september med Eva Grete som turleiar frå oss, oppsummering frå arrangementet: Altså for ein tur med fantastisk positive og glade menneske.
Vi møtte inne ved Inste Mosevatn for å rigge camp laurdag 14.09, været var betre enn frykta. Grått og litt vind, regnet kom ikkje før seint på kvelden.
Alle rigga til telta, og vi lagde ein tarp ved hjelp av padleårer.
Laila lagde pizzadeig, ho hadde med ein liten pizzaovn. Så alle fekk lage sin eigen pizza med det fyllet de ønska.
God stemning i leiren, alle blei mette, noko godt i glaset og kvelden blei avslutta med ein lærerik Quiz om Folgefonna.
Det bar i seng, vi skulle tross alt opp og i kajakken etter frukost. Søvnen var det vel så som så med for mange, mye vind og regn, men vi heldt oss tørre.
Når frukosten va i magen, var det tid for å pressa seg inn våtdrakter og tørrdrakter.
Var litt vind men ikkje verre enn at vi kunne padle avgårde inn til breen. Var grått og trist, skodda hang lavt, men den letta heldigvis. Og til tross for mye vær, alle var i godt humør.
Det er noe med den følelsen man får, jo nærmare breen man kommer, det er eigentleg ubeskriveleg vakkert.
Etter litt fotosessions, var det å padle til moreneøya, der skulle vi ha yoga og lunsj. Er noe spesielt med å ha yoga ute i naturen, og i eit så mektig landskap høgt til fjells, på ei moreneøy med breen i bakgrunnen; heilt MAGISK.
Mens vi hadde yoga lagde Laila den beste suppa og nysteikte rundstykke til lunsj. Varm kaffi/kakao blei det og.
Når alle var mette var det å padle tilbake. Når kajakkane var dratt på land og rydda utav, var det ein gjeng som badet i det "iskalde" vatnet.
Deretter blei det avskjed og alle reiste til sitt med ein fantastisk tur i minneboka.
Tusen takk til Laila i Reigstad Unlimited og Bente i BonVitaYoga
Og takk til alle dykk andre som blei med oss på tur denne helga.
- Sundag 24.11 arrangerte vi pianokonsert med Maaria og Salar på Jondal skule for og så gå til Fjellstøl etterpå. Pianistane framførte eit program med firehendige pianostykke

komponert av Mozart, Rachmaninoff og Chaminade. Både Maaria og Salar har mastergrad i utøvande klassisk klaver og jobbar som pianistar og pianolærarar ved ulike kulturskular i Noreg. Etter det gjekk turen til Fjellstøl, det er ein flott tur gjennom det vakre kulturlandskapet i Hardanger. Det var 5 personar som kom på konsert, og ein deltakar på turen.



B) Barnas Turlag

Barnas turlag har ikkje hatt nokon aktivitetar i året 2024. Det er mangel på frivillige i denne gruppa som gjer at vi ikkje har fått arrangert noko i år. Turlaget har veldig lyst at denne gruppa skal bli aktiv igjen, og håpar at nokon frivillige vil ta på seg ei rolla innanfor barnas turlag. For neste år håpar vi at vi får arrangert Kom deg ut dagen i januar og september, noko vi ikkje fekk til i 2024.

C) DNT UNG

DNT UNG gruppa i Odda/Ullensvang Turlag har ikkje vore aktiv i året som gjekk. Det er vanskeleg å nå ungdommen noko som gjeld i alle lag og organisasjonar. Vi vil jobbe meir med dette framover og tek gjerne i mot idear og engasjert ungdom som har lyst til å bidra med å halde liv i gruppa. Me hadde ein tur på programmet i år, men denne vart dessverre avlyst. Me håpar at personar som har vore aktive i barnas turlag og no har så store barn at det blir naturlig å gå videre over til DNT UNG ønsker å bidra her.

D) Onsdagsgruppa

Onsdagsgruppa har hatt mange kjekke og fine turar i stort sett alle kantar av kommunen i året som har gått. I 2024 vart det gjennomført 5 vårturar og 4 haustturar. Turane til onsdagsgruppa ligg ute på nettsida uten påmelding, likt som førre år. Dette har blitt veldig godt mottatt. Liv With, Solfrid Åsta Kvam og Marit Legård er kontaktpersonar for onsdagsgruppa.

Til saman har 264 personar gått på tur med Onsdagsgruppa, mot 221 personar i 2023. Det var 7 turar med opplett og til dels fint vær, 2 turar med regn og regnbygger og 1 tur vart avlyst i sin heilhet på grunn av dårlig vær. Det er ferre som deltek, når det regner og er svært vått i terrenget og i år har vel ikkje akkurat været vore på vår side.

På siste turen i haust markerte vi årsavslutning med eit godt måltid på Utne hotell.

Vi søkte om tilskot Den kulturelle Spaserstokken, og fekk tildelt kr. 10.000. Midlane brukte vi til lunch for medlemmene på årsavslutninga på Utne Hotell. Mange frå onsdagsgruppa er med på tilsyn/vask i Dagsturhytta Ragdebu.



Turane til Onsdagsgruppa 2024:

Vår

- 24.04.24 Kjeldestøl, Kvinnherad 35 deltakarar. Første onsdagstur for i år. Vi gjekk frå Kletta i Rosendal, og opp til Kjeldestøl. Nydeleg turvær og fint turterreng. Olav Moldeklev var turleiar. 35 deltok på turen, og stemninga var på topp. Kjekt å koma igang igjen med ny sesong.
- 08.05.24 Skogsvei Sekse - Øvre Børve 31 deltakarar. Ein fantastisk onsdagstur frå Sekse, opp til Øvre Børve og ned att til Sandstå - Sekse ungdomshus. Opplevelsane var varierte: Litt toraderspel med ein liten svingom og eldhusbesøk med krotekakesteiking - her fekk alle smaka ein liten bete. Bløminga er kome godt i gang, og det var mange flotte utsiktpunkt. Fint turvær og god leiing av Bjørg Nedrevåg. 31 storfornøgde deltakarar takka for seg og reiste heim med gode opplevelsar i bagasjen.
- 22.05.23 Nitride-hytta Åsen Skjeggedal 28 deltakarar. Onsdagstur frå Skjeggedal til Nitridehytta. Nydeleg vær, 28 glade turgårarar og god turleiing av Gunnar Leivestad gjorde turen til ein flott opplevelse. Og på toppen av det fekk vi kjempegode vaffler, kake og kaffi på hytteterrassen til Jane og Gunnar på vei tilbake.
- 05.06.24 Espeland - Grønsdalstølen 15 deltakarar. Onsdagstur til Grønsdalstølen. Været vart mykje betre enn meldt, og 15 deltakarar fekk ein flott tur. Nydeleg utsikt ned over Oddadalen og ut fjorden. Alle glade og fornøgde.

- 19.06.24 Hesvik 38 deltagarar. Siste onsdagstur før sommaren gjekk forbi Hesvik og Årvikneset. Flott tur i lettskya fint turvær. Vi avslutta med litt grilling og nydelige lappar til dessert på hytteterrassen hjå Marit Legård. Ein fin gjeng på 40 stk takka for turen, og ein flott vårsesong.

HAUST

- 14.08.24 Løyning - Skrøyvo (Skare) tur/retur 32 deltagarar. Første onsdagstur for hausten. Vi gjekk frå Løyning til Skrøyvo. Fin tur på fin sti, og moderat med stigning. Det meldte regnet uteblei, vi fekk sommartemperatur med ca 20 gr , og det var vi glade for. Det var ein flott gjeng med godt humør i fint turtempo. 32 stk var vi, altså ein fin start på haustsesongen. Neste tur går 28.08.24 til Bordalstølen med Tollef Rullestad som turleiar.
- 28.08.24 Bordalstølen (Skromme) 33 deltagarar. Fin onsdagstur til Bordalstølen. Vi gjekk opp frå Skromme. Knallbratt stigning til å begynna med, deretter vart det fint turterrenge med litt flater og moderate stigninger. Vi hadde været på vår side. Turleiar var Tollef Rullestad. Han kunne mykje om området, og fortalte underveis og på stølen. 33 stk. deltok. Neste tur går 11.09.24 til Austmannatjørn - opp frå Røldal.
- 11.09.24 Austmannatjørn (Røldal) Avlyst pga. dårlig vær
- 25.09.24 Oddavarden (Seljestadfjellet) 11 deltagarar. Nest siste onsdagstur gjekk i Seljestadområdet. Planen var tur til Oddavarden, men pga kald trekk la vi om ruta vår litt. Vi tok av frå «Oddavardstien», og gjekk over Kistefjell, og ned att til Seljestadstølane. Hadde kjekk pause der, og gjekk ned den gamle stolsveien. Denne er restaurert, og var fin å gå. Ny for nokon av deltagarane. 11 stk deltok.
- 09.10.24 Utnedalen 34 deltagarar. Siste onsdagstur for i år. Den gjekk Utnedalen rundt. Fin tur i fint turvær. På slutten av turen var vi innom Museumshagen på Utne - Hardanger Folkemuseum. Vi avslutta turen og sesongen med kjempegod lunch på Utne Hotell. 34 stk deltok, og vi er alt begynt å gleda oss til turane til neste år. Takk for 2024-sesongen.



7. Frivillige

I året som har vore har vi ikkje hatt så mange samlingar med frivillige. Det er noko vi ynskjer å verta betre på i 2025, dei frivillige i laget er utruleg viktige for oss, og dei ynskjer vi å setja stor pris på. Stigruppa, onsdagsgruppa, turleiarar og andre frivillige er vi utruleg heldige som er med å bidrar til drifta av turlaget.

8. Gåver

I løpet av året har Odda/Ullensvang Turlag mottatt ein del midlar og gåver frå ulike aktørar. Noko vi set stor pris og som gjer at vi kan ha aktivitet i laget, ta vare på hytta vår på Holmaskjer, sende folk på ulike kurs og kjøpe inn nødvendig utstyr som vi treng til å utøve aktivitetane i turlaget.

Vi har mottatt gåver og midlar frå:

- Kvinnherad stiftelsen – 750 000 kr
- Erling Bjørstadstiftelsen – 40 000 kr (øyremerka fjellsportaktiviteter)
- Frifond midler – 31 724 kr
- Den Kulturelle spaserstokken – 10 000 kr



9. Trimpoeng

171 deltakarar har vore med på OUT-trimmen for 2024, med totale 43517 innsjekk i appen fordelt på 172 turmål. Detta er ein oppgang på 3750 innsjekk frå 2023. Vi har auka frå 171 turmål i 2023 til 172 i 2024.

Premie for deltaking vert trekt på årsmøte. Vi har valt å trekka blant alle deltakarar i staden for å premiere 1,2 og 3 plass i dei ulike gruppene slik at alle har ein sjanse til å få premie.

10. Hytta vår på Holmaskjer

A) Holmaskjer

Håvard Reinsnos Apold har hatt tilsynet med Holmaskjer i fleire år og får på plass nødvendig utstyr som gass, ved, mat, sengetøy, tømmer safe osv. Han nyttar eigen snøscooter vinterstid og får dekka drivstoff til dette arbeidet.

Besøk: OUT har hatt ein fellestur til Holmaskjer i 2024.


Det har vore 248 betalande gjester på Holmaskjer i 2024 kontra 139 betalande gjester i 2023. Her har det vore ei stor auke i besøkande, som er kjekke nyheiter for turlaget. Elles har det vore fleire tilsyn i 2024, to med snøscooter (frakt av ved og proviant) og fleire til fots og på ski. Det var i slutten av juni montert stige opp til pipa, det var restarbeid etter pipebytte i 2023 som vart utført av hyttetilsyn. Hytta treng meir og meir vedlikehald i åra som kjem, som t.d. skifting tak og maling av kledning. Det vil nok ikkje verta før 26/27.



B) Ny sikringshytte

Styret er midt i arbeidet med å etablere sikringshytta tilknytta hovudhytta på Homaskjer. Prosjektet har ei økonomisk ramme på rundt 3,5 millionar kr. Vi er avhengig av ein betydelig del midlar frå eksterne bidragsytarar. Søknadsprosessen er starta og vi har fått 250 000 kr frå Sparebankstiftinga Hardanger som er øyremerka sikringshytta og kr 750 000,- frå Sparebankstiftinga Kvinnherad. Søknadsprosessen har teke lang tid, då Miljødirektoratet omgjorde vedtaket som Folgefonna Nasjonalparkstyre gjorde våren 2024. Det vart søkt om ei mykje mindre sikringshytta på 33 m² som Folgefonna Nasjonalparkstyre vedtok oktober 2024, medan Miljødirektoratet omgjorde to punkter i vedtaket 24.01.2025. Vedtaket er no at turlaget får byggja ei sikringshytta på inntil 15m² og arbeidet skal vera ferdigstilt innan 01.12.2026. I vedtaket frå Nasjonalparkstyret er det krav at bygg for utedo/vedskjul vert fjerna innan 5 år og at ny toalettloysing vert planlagd innanfor eksisterande hovudhytta.

Prosessens vidare vert å få byggjeløyve frå kommunen, skaffa fleire eksterne midlar og starta å planleggja byggefasen.



11. Dagsturhytta

Odda/Ullensvang Turlag har fortset tilsynet med dagsturhytta i Odda mot ein sum frå kommunen på 50 000kr pr. år. Det var litt utfordringar i starten men dette har løyst seg og ordninga ser ut til å fungere bra. Det er mange frivillige med her som har kvar si veke med

tilsyn og jo fleire som bidrar jo færre gonger vert det på kvar. Anita har ansvaret for organisering av dei frivillige og organiserer med nødvendig utstyr. Ho er kontaktperson opp mot kommunen og for dei frivillige. Styret har vedteke at turlaget fortset med tilsyn av dagsturhytta ut 2025.

12. Økonomi

Turlaget har hatt ein stabil og god økonomi i 2024, det har vore eit overskot på kr 124 606,-.

Det har vorte brukt ein del pengar på utarbeiding av teikningar til ny sikringshytta som laget har betalt, det er utgifter som vil verta dekka av tildelte gåver.

Det har eller vore faste utgifter som husleiga, kursing, turar osv. for 2024, noko styret vurdere er fornuftig bruk. Honorar til styremedlem og leiar vart ikkje auka i 2024.

Styret vurderer det er positivt at økonomi går i pluss, turlaget er avhengig å ha midlar disponibelt om noko uventa skjer som i 2023 med rehabilitering av pipa på Holmaskjer.

Økonomiansvarleg Sara Tokheim har valt å gi seg som det, styret er i prosessen med å finna ut ein som vil overta.

13. Val

Styret for 2024 har vært:

Leder: Håvard Reinsnos Apold
Nestleder: Eva Grete Rafdal
Styremedlemmer: Trond Seim
Liv With
Rolf Bøen
Anita Haugland
Torje Eriksen

Følgende styremedlemmer står ikke på valg:

Trond Seim (1 år igjen)
Anita Haugland (1 år igjen)
Torje Eriksen (1 år igjen)

Følgende medlemmer står på valg:

Håvard Reinsnos Apold (ønsker å ta gjenvalg)
Eva Grete Rafdal (ønsker å ta gjenvalg)
Liv With (ønsker ikke å ta gjenvalg)
Rolf Bøen (ønsker å ta gjenvalg)

Valgkomiteen har følgende forslag til nye styremedlemmer:

Håvard Reinsnos Apold – leder (1 år)
Eva Grete Rafdal (2 år)
Rolf Bøen (2 år)
Annette Horne (2 år)

Forslag til nytt styre 2025:

Håvard Reinsnos Apold – leder
Eva Grete Rafdal
Anita Haugland
Torje Eriksen
Trond Seim
Rolf Bøen
Annette Horne
Valgkomiteen ber styret sjølv velge nestleder.

Forslag på valgkomite for neste år:

Liv With
Orinta Øiestad
Torill Opedal Hauge

Kinsarvik 16.12.2024

Orinta Øiestad & Torill Opedal Hauge
Valgkomiteen 2024



**Til slutt vil vi takka for eit flott år i 2024, med mykje frivillig arbeid,
mange kjekke turar og arrangement. Styret ser fram til vidare samarbeid
med alle frivillige i 2025, og håpar det vert eit lika godt år som 2024.**